



# Nytt rutetilbud blir utsett

**PRESSEMELDING**  
18.03.2010

**KONTAKTPERSON**  
Oddmund Sylta,  
direktør i Skyss  
Tlf. +47 93 23 04 01

Ei mogleg forseinking i leveringa av vogner til Bybanen gjer at den planlagde omlegginga av rutetilbodet i Bergen sør, blir utsett til august. Bybanen vil uansett opne som planlagt 22. juni.

Fylkesrådmann Paul M. Nilsen orienterte Hordaland fylkesutval om den moglege forseinkinga i dag.

Det er tilhøve hos den tyske leverandøren som gjer at det no er fare for at nokre av bybanevognene blir levert for seint. Først 2. april blir det klart om det faktisk blir ei forseinking, men av omsyn til kundane har Skyss vald å utsetje innføringa av det nye rutetilbodet til august. Ifølgje planen skulle Bergen sør få nye bussruter frå 26. juni, mellom anna med matebussar til Bybanen.

I staden vil det no bli ordinært busstilbod som går parallelt med Bybanen i sommar. Bybanen opnar som planlagt 22. juni. Med mogleg færre vogner enn planlagt kan bana i starten kome til å ha avgang kvart 20. minutt.

– Vi er sjølvsagt leie for at Bybanen ikkje kan starte heilt som planlagt og at vi må utsetje det nye ruteopplegget, men vi ønskjer å sjå positivt på det. Med eit parallelt busstilbod vil ingen av dei reisande bli ramma. Tvert imot er det mange som vil få eit betre tilbod enn dei elles ville fått. Samstundes vil Bybanen få ein roleg innkøyringsfase. Internasjonale erfaringar viser at ein slik mjuk oppstart er gunstig for å handtere eventuelle uventa hendingar, seier direktør Oddmund Sylta i Skyss.

---